

Langreiste gjester- frå New Jersy til Skorpo.

21.05.2018



Selfie på Trolltunga i går, 1. pinsedag. F.v: Tyler Mc Donald, Spenser Sambrat og Nikolai Vågen (framme).

Denne veka har det vore langreiste gjester på Skorpo. Sist måndag kom Spenser Sembrat (20 år) og Tyler Mc Donald (18 år) heilt frå New Jersy (USA) til Vågen på Skorpo. Spenser er økonomi student og Tyler er computer vitenskap student. Eit biletet av Trolltunga var avgjerande for at turen gjekk til Kvinnherad og Odda.

Han informerte seg litt og fann meir ut om dei norske fjordane, fjella og nordlyset. Med dette var han sikker på at han måtte ta turen til Vestlandet.

Han fekk med seg Tyler som flytta fram ein eksamen for å vera med. No på onsdag må han stå i PA physiks. Men han synest det var vel verdt det. Han framhevar at det å møta så mange nye menneske er viktig, noko han likar godt.

Fyrst bookar dei Airbnb ei veke tidlegare, men så fann dei ut om [17.mai](#) og då måtte dei leggja om på planane. Nasjonaldagen feira dei i Bergen og kom heim med flagg i sekken.

Dei såg seg om på Skorpo og på Skorpofjellet, padla kajakk til Snilstveitøy og gjekk på tur der. Ein dag gjekk dei opp til Mannsvatenet, ein anna dag til Eikedalen.

Siden begge spelar piano og Spenser i tillegg gitar, vart det tid til felles musikkglede. På søndag leigde dei bil i Uskedalen, tok med seg Nikolai og kjørde til Skjeggedalen for å gå på Trolltunga. For Spenser var Trolltunga den største opplevinga.

Litt trøtt, men veldig nøgd starta dei på heimreisa i dag.

Tekst/foto: Anja Strüter

Nett/redigering: Kristian Bringedal